

Betalingssatsar for borgarleg vigsel i Ulvik herad

Gjeldande frå 1.1.2021

1.Kven kan vigslast utan kostnad i Ulvik herad

Heradet tilbyr vigsel utan kostnad for heradet sine innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg, men likevel fyller vilkåra for inngåing av ekteskap i Noreg, jf. ekteskapslova § 12a. Det er tilstrekkeleg at ein av brudefolka er busett i heradet. Det er dei alminnelege reglane om folkeregistrering av bustadadresse som regulerer kven som reknast for å vere busett i heradet. Heradet sitt tilbod om borgarleg vigsel gjeld og for utanlandske statsborgarar og for norske statsborgarar som er busett i utlandet. Desse skal heller ikkje betale for tilbodet.

Heradet tek betaling for naudsynte meirkostnader dersom brudeparet vigslast ut over fastsett tid (0915) eller at bestilt seremoni er så omfattande at tidsbruken er lenger enn vanleg. Likeins tek heradet betalt dersom seremonien vert lagt ein annan stad enn heradet sitt seremonirom, dersom det medfører ekstra kostnader til transport, lokale, overnatting mv. Dette informerast brudefolket om i god tid før vigselen. Kostnaden vil verta utrekna i kvart einskild tilfelle.

2.Kven kan vigslast mot dekking av kostnader

Alle som ynskjer og som oppfyller vilkåra for å kunne inngå ekteskap, kan vigslast i Ulvik herad. Alle som ikkje er omfatta i punkt 1 ovafor og som vil vigslast i Ulvik må dekke alle kostnader ved dette sjølv. Heradet tek likevel ikkje betalt for meir enn inndecking av faktiske kostnader. Slike kostnader kan vere transport, overnatting, leige av seremonirom, honorar til vigslar, etc.

3.Betalingssatsar pr 01.01.2021

	Innbyggjarar/ busett i utlandet	Alle andre
Normal seremoni (inntil 1 time)	Utan kostnad ⁵	NOK 1030,- ¹
Seremoni ut over 1 time	NOK 412,- pr halvtime ²	NOK 412,- pr halvtime ²
Normal seremoni utanom 0915	NOK 824,- ⁶	NOK 1030,- ⁶
Leige av seremonirom	Utan kostnad ⁵	NOK 309,- ³
Seremoni i andre lokale	Faktisk kostnad ⁴	Faktisk kostnad ⁴
Evt. transport til andre lokale	Faktisk kostnad ⁴	Faktisk kostnad ⁴

¹ Dekker kostnader til vigslar og arbeid med vigselattest, melding om vigsel og anna for-/etterarbeid

² Standard seremoni varar normalt inntil 30 minutt, men vi reknar likevel 1 time som normert tid. Meirkostnaden dekker utgifter til vigslar.

³ Dekking av kostnader ved klargjering/rydding av seremonirom før og etter

⁴ Faktiske kostnader til evt. reise/transport, leige av lokale, tidsbruk for vigslar, etc. vert lagt til grunn. Dette vil verte avgjort i kvart enkelt tilfelle, men med utgangspunkt i NOK 824,- pr time for vigslar, inkl reisetid med tillegg av faktiske kostnader til reise, seremonirom og evt overnatting.

⁵ Omfattast av vigselplikta til heradet, som er kostnadsfri for brudeparet.

⁶ Til dekking av kostnader til vigslar. For innbyggjarar/ busette i utlandet reknast ikkje kostnad for vigselattest, melding om vigsel og anna for-/etterarbeid, då dette omfattast av kostnadsfri vigselrett.

Betalingssatsane regulerast årleg pr 1.januar tilsvarende konsumprisindeks året før.